

DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

Innkalling til møte

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 15. juni 2023

Møtetid 18.40

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesråd

Arne Hjelmås, Sissel Kvist, Svein Løwe, Eva Beate Nybø, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågøy og Kristian Finn Risung (10). Vara: Peder Nedreliid.

*Forfall meldast til underteikna som sørger for innkalling av varamedlem.
Varamedlem får innkallinga til orientering og møter ved nærmere innkalling.*

SAKLISTE

SR/FR-sak

SAK 43-23

GODKJENNING AV:

- A. Innkalling
- B. Referat frå møte 30.05.2023

Sak 44-23

Møre bispedøme 40 år – planlegging av lokal markering

Sak 45-23

Vedr. installasjon av sprinklaranlegg i Aukra kyrkje

Sak 46-23

Eventuelt

Aukra 07.06.2023

Eva Beate Nybø


Leiar

(sign)

Max Ingar Mørk

Fung. kyrkjeverje

Tlf: 951 85 921



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: 30.05.2023

Møtetid 1840-2110

Møtestad: Undervisningsrom, kyrkjelydshuset

Desse medlemmene møtte:

Eva Beate Nybø, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim og Kristian Finn Risung. Rune Vågøy deltok på Teams og Sissel Kvist på mobiltelefon. (8)

Forfall: Anne Beate Storbakk Skeide, Arne Hjelmås og Peder Nedreliid (3)

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Svein Hartvig Pettersson (sak 40-23) og Sigurd Moltubak.

Opning: Kristian delte nokre tankar om kva pinseunderet førte til første gong – og korleis det kan røre ved og inspirere oss i dag.

Desse sakene blei behandla :

SAK 38-23 GODKJENNING AV:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Referat frå møte 11.05.2023

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Ang. sak 37-27-3 om HC-parkering ved kyrkja, informerte Svein om at Opplysningsvesenets Fond hadde svart på anken med eit nytt avslag.

Soknerådet konkluderte med å ikkje gå vidare med saka no.

Sak 39-23 Uttale om tilsetting av ny domprost i Molde domprosti

Unnateke offentlegheit, jf. off.lova § 25, første ledd.

Sak 40-23 Budsjett for 2023

Svein Hartvig Pettersson orienterte om budsjettarbeidet.

Sekretæren informerte om at det frå Kyrkjerådet var løyvd kr. 27 000 til gjennomføring av kyrkevalet. Dette kjem som tillegg på post 31400 under Ansvar 1000 Adminstrasjon.

Det blei reist fleire spørsmål ved vilkåra i tildelingsbrevet frå kommunen. M.a. er det eit kommunalt vedtak på at kommunen skal dekke driftsutgiftene til kyrkjelydshuset.

SFR var nøgd med budsjettarbeidet ut frå dei rammene som var lagt, men var oppteke av dialogen med kommunen i det vidare arbeidet, både med omsyn til å få justert opp ramma for 2023 og å kome aktivt inn i budsjettprosessen for 2024.

Etter drøfting blei det i samsvar med innstillinga gjort slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd vedtek budsjettet for 2023 i samsvar med framlegget i saka.

Sak 41-23 Møre bispedøme 40 år – lokal markering

Framlegget til vedtak gjekk ut på å oppnemne ein komité til å planlegge jubileumsmarkeringa. Soknerådet ville heller «løfte i flokk» og la det vere eit felles ansvar for heile rådet.

Det blei gjort slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd vil sjølv utgjere komitéen for planlegging av lokal markering av Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum helga 16.–17. september 2023.

Soknerådet samlast til eit planleggingsmøte på Kyrkjelydshuset torsdag 15. juni kl. 18.40.

Sak 42-23 Eventuelt

42-23-1 Orientering om filming og filmutstyr i kyrkja

Svein Løwe informerte om at filmgruppa slit med gammalt utstyr som m.a. gir flimmer på bildet. Opptaka kopierast på DVD som blir gitt til omsorgssenteret. Innlegging av breiband i kyrkja vil gi høve til direkte streaming, men filmutstyret treng fornying.

42-23-2 Soknerådsvalet – fastsetting av stemmestader og tidspunkt for førehandsrøysting

Opplysningar om soknerådsvalet skal registrerast i Kyrkjerådet sin valmodul seinast 1. juni. For Aukra sokn blei ein samd om følgjande:

Stemmestader: Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole (som for kommunevalet).

Førehandsrøysting: På kyrkjekontoret kvardagar kl. 10.00-14.00 frå 10. august til 8. september og på Aukra omsorgssenter tysdag 5. september kl. 11.00–13.00 (som for kommunevalet).

Presentasjon av kandidatane vil kome i Kyrkjebladet i juni. Den bør også leggast ut på heimesida.

42-23-3 Årsmøtet søndag 11. juni

Møtet blir i kyrkja etter gudsteneste og kyrkjekaffi 11. juni.

Eva Beate leier møtet. Årsmeldinga kan visast på skjerm.

Sigurd blir med på møtet og kan bistå.

Årsmeldinga leggast ut på gudstenesta i Julsundet 4. juni og i kyrkja.

Max Ingar sørger for at invitasjon til årsmøtet blir lagt ut på heimesida.

42-23-4 Kva gjer vi når kvardagsmessan og tysdagskafeen kolliderer med gravferd og minnesamvær?

Tysdag 6. juni blir det kollisjon mellom gravferd og kvardagsmesse. Kristian ville høyre soknerådet si meining om kva vi bør gjere i slike situasjoner:

Avlyse messa eller forskyve ho? Eller flytte gravferda til 13.30? Det siste kan vere ugunstig for dei pårørande og kan vinterstid skape problem for gravaren som må arbeide delvis i mørkeret.

Og kva når tysdagskafeen kolliderer med minnesamvær? Forskyving av messa vil øydelegge kontinuiteten mellom messe og kafé.

Saka blei drøfta utan at det blei konkludert.


Aukra 30.05.2023

Eva Beate Nybø (s)

Leiar

Max Ingar Mørk (s)

Fung. kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 15. juni 2023

Møtetid 18.40

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 44-23 Møre bispedøme 40 år – planlegging av lokal markering

I møte 30.05.23 – sak 41-23, gjorde soknerådet slikt samrøystes vedtak:


Aukra sokneråd vil sjølv utgjere komitéen for planlegging av lokal markering av Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum helga 16.–17. september 2023.

Soknerådet samlast til eit planleggingsmøte på Kyrkjelydshuset torsdag 15. juni kl. 18.40.

Staben i Aukra hadde ein idedugnad i samband med stabsmøtet 23.05, der dei kom med følgjande innspel til soknerådet:

- Open kyrkje på laurdag + eit arrangement på ettermiddag/kveld.
- Markering av misjonsprosjektet med film/lysbilde
- Ope møte med markering/feiring av innvandrarane i Aukra frå Ukraina, Eritrea og Polen.
Mogelege samarbeidspartnarar: Pinsemenigheten (film frå Ukraina), Flyktingtenesta v/Aud Lisbeth Lillebostad og/eller den katolske kyrkja. Mogelege ressurspersonar: Anny Huse Sæter, Rudolf Iversen og Gisle Breivik.
- Økumenisk vesper (kveldsmesse med tidebøn) eller Even song
- Songkveld i kyrkja med kveldsmat
- Ope arrangement der vi inviterer dei som har jobba i kyrkja i Aukra dei siste 40 år
- Rullekakekonkurranse

Saka leggast fram utan innstilling.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 15. juni 2023

Møtetid 18.40

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 45-23 Vedr. installasjon av sprinklaranlegg i Aukra kyrkje

Torsdag 1. juni var det drøftingsmøte og befaring vedr. det nye sprinklaranlegget i kyrkja. Desse deltok:

Ola Langset fra Langset Rør AS
NN fra Langset Rør AS
Ronny Samuelsen fra Multiconsult
Geir Ove Tangen fra staben i kyrkja
Svein Løwe fra fellesrådet
Max Ingar Mørk fra kyrkjeverja

Partane oppklarte og blei einige om diverse tekniske spørsmål vedr. materialbruk, tilpassing av rørföringar, prisjustering og massekontroll. Vidare blei det drøfta praktiske rutinar i samband med arbeidet, og ein kom fram til følgjande:

- Langset Rør startar arbeidet 2. uka i august og bereknar om lag 4 månaders anleggsperiode. Entreprenøren reknar med å vere ferdig i løpet av november.
- Arbeidet vil normalt føregå frå måndag til torsdag i anleggsperioden.
- Kyrkja vil vere disponibel fredag-søndag. Det betyr at alle gravferder – så langt som råd – må leggast til fredagar. Om ein unntaksvise må ha ei gravferd på tysdag, skal entreprenøren ha melding om dette i god tid før. Gudstenester på søndagar kan gå som normalt.
- Kvardagsmessene på tysdagar på utgå eller flyttast til Kyrkjelydshuset.
- Entreprenøren har behov for spiserom/skifterom og toalett. Kyrkjestova vil vere veleigna for dette, men må i så fall haldast stengt i anleggsperioden. Dei søndagane det skal vere dåp må entreprenøren rydde slik at kyrkjestova er disponibel. Dette punktet må SFR vurdere/godkjenne.
- Entreprenøren vil trenge 2-3 av P-plassane ved austre port til riggområde.

Det er også nokre førebuingar som soknet sjølv må ordne i løpet av sommaren:

- Benken i våpenhuset må flyttast til andre sida av døra mot kyrkjerommet.
- Det må ryddast bort stein for rørföringar i kjellaren/kryperommet under kyrkja. Svein Løwe har allereie organisert dugnadsfolk til dette.
- Det må ryddast på loft og i kjellar
 - for å lette tilkomsten under anleggsarbeidet
 - for at vatnet frå dysene skal treffe bygningskonstruksjonane og ikkje tilfeldig skrot
 - for å redusere mengda av brennbart materiale.

Tabellen viser dei viktigaste tinga som er lagra på loft og i kjellar, og det er antyda kva fungerande kyrkjeverje meiner bør gjerast med dei. Dette vil ein ha tilbakemelding på frå SFR. Skulle det dukke opp andre ting under arbeidet, bed kyrkjeverja om fullmakt til å vurdere kva som skal gjerast med dette, i tvilstilfelle i samråd med AU. Det må organiserast ein dugnad for å gjennomføre ryddinga.


Materiale/gjenstandar	Forslag til handling
Kjellar:	
Diverse trematerialar som sperrar tilkomsten utanfrå	Gi bort eller kaste
Loft:	
2 stk dekorerte gotiske bogar frå tidlegare kordør	Bevare
Gamalt klokkeoppeng og kolbe	Bevare
Figurar til julekrybbe (m.a. sau og esel)	Bevare
Stort, kunstig juletre	Bevare? Kaste?
3 stk. gamle trebenkar	Bevare?
2 stk. frontpanel frå tidlegare orgel	Kaste
Div. trematerialar	Gi bort eller kaste
Nokre gamle frontpanel (dører frå tidl. kyrkjebenkar?)	Kaste? Bevare?
Ei kasse gamle glaskuplar for lys	Kaste. Evt. til Gjenbruk i Molde
Stort tal varevindauge	Kaste
Ei kasse konfirmantkapper	Bevare
Div. målingsspann og måleutstyr	Bevare brukbare spann. Kaste skrot
48 stk. klappstolar	Selje eller gi bort på Finn.no

Framlegg til vedtak:

Aukra SFR tek orienteringa frå kyrkjeverja til vitande.

Rådet godkjenner bruken av kyrkestova i anleggsperioden som skissert i saka.

Rådet godkjenner framlegget til rydding på loft og i kjellar som skissert i saka. Skulle det dukke opp andre ting under arbeidet får kyrkjeverja fullmakt til å vurdere kva som skal gjerast, i tvilstilfelle i samråd med AU.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 15. juni 2023

Møtetid 18.40

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 46-23

Eventuelt